

## HISTORIEDAG PÅ LOFTHUS

Denne helga inviterer vi heile Hardanger til markering av lovjubilea 2024. Nokre av våre fremste mellomalderhistorikarar kjem for å fortelje om spora etter Kristenretten og Landslova.

**Laurdag 16. november** er arrangementa lagt til Lofthus. Me startar i prestegarden med registrering og omvising. Vi går opp i Ullensvang kyrkje til opningsforedrag. Kyrkja er eit kulturminne i seg sjølv, med løynde skattar både i og utanfor kyrkja.

Resten av dagen er lagt til samfunnshuset på Krossvoll. Her får me servert lunsj. Det blir tid til samtalar og drøys. Siste del av dagen får me høyre foredrag der me spør: Kva fekk desse historiske hendingane å seie for folket i Hardanger og vår eiga tid? Dagen blir avslutta med lansering av Hardanger Historielag si årbok.

### Program laurdag 16. november

- 1100 Omvising i prestegarden på Lofthus  
Arkitekt Ingebjørg Sekse
- 1145 Opning i Ullensvang kyrkje
- 1200 «Ullensvang kyrkje, kulturminne med løyndomar».  
Guttorm Rogdaberg
- 1300 Lunsj Krossvoll
- 1400 «Synd og straff – kyrkja, staten og seksualmoralen i Gamle Hardanger»  
John Ragnar Myking
- 1500 «Kristenretten-1000 år etter»  
Torgeir Landro
- 1615 Lansering av Historielaget si Årbok

## FESTGUDSTENESTE I KINSARVIK

Kinsarvik kyrkje (1150-) var i si tid hovudkyrkje for indre Hardanger. Kyrkja har fleire fellestrekk med kyrkja på Moster og spor frå Lagabøte si tid.

Prost Arild Hellesøy og sokneprest Signe Elisabeth Kvåle leier gudstenesta. Det blir song og musikk.

Soknerådet inviterer til kyrkjekaffi på Heradshuset. Der får me ein kortversjon av Hardangerhistoria med utgangspunkt i biletveven i Heradssalen.

Det blir kreativ verkstad for barn og unge i Borgstova. Her får ein bli kjend med «Dei fire døtrene» og vi skal lage vårt eige lovverk, med verdiar for framtida.

### Ferjetider Kinsarvik-Utne

Laurdag går det ferje frå Utne til Kinsarvik kl. 1005. Retur må ein køyre rundt.  
Søndag må ein køyre rundt til kyrkja. Retur går det ferje frå Kinsarvik kl. 1315.

### Festgudsteneste søndag 17. november

- 1100 Festgudsteneste i Kinsarvik
- 1200 Kyrkjekaffi i Heradshuset
- 1200 Verkstad for barn og unge
- 1330 Slutt

Påmelding til: [post.ullensvang@kyrkja.no](mailto:post.ullensvang@kyrkja.no) eller på tlf. 53650900 (man-tors 1000-1300) Pris kr. 200,- Kan betales via vipps #717069 eller ved oppmøte.

Påmeldingsfrist 13. november.




Hardanger historielag, Fortidsminneforeningen og kyrkjene i Ullensvang inviterer til historiehelg...

## Frå Moster til Hardanger 16. og 17. november

### Lovjubilea 2024

### Kjenne fortida-forme framtida





### Guttorm Rogdaberg

Guttorm Rogdaberg er kulturvernarbeidar og ekspert på rettshistorie og mellomalderen. Han er ein framifrå forteljar og har i lengre tid arbeid med dei historiske dokumenta i og utanfor Ullensvang kyrkje. Her er det fleire spor etter Magnus Lagabøte si tid.

I samband med lovjubileet har han skrive eit Magnuskvad til ære for kongen som ville landet vel. Han har også skrive ein artikkel som er med i årets utgåve av Hardanger Historielag si årbok. I foredraget vil han opne skjulte løyndommar i eit kulturminne som vi ser, men kanskje ikkje heilt skjønar?



### Torgeir Landro

Torgeir Landro er mellomalderhistorikar og førsteamanuensis ved NLA høgskulen i Bergen. Han har vore stipendiat og postdoktor ved Senter for Middelalderstudier ved UiB og kristenrettane er hans spesialfelt.

Han er ein røynd foredragshaldar og har vore etterspurd i samband med 1000 års-markeringa. I foredraget vil han sei meir om kva kristenrettlovgivinga har hatt å seie for vår eiga tid. Kva samfunnsendingar var det som vaks fram, kva var det radikale og kva er det vi ikkje må miste.



### John Ragnar Myking

John Ragnar Myking er professor emeritus i historie ved Høgskulen på Vestlandet. I vårt område er han kanskje mest kjend som medforfattar av tre-bindverket: «Hardanger, ei regionshistoire». Han kjenner hardangerhistoria og har arbeid med kompleksiteten og dei lange linene i vår nasjonale historie. Han er og spesialist på agrarhistorie.

I foredraget vil han ta oss med inn i eit tema som aldri går ut på dato: Synd, straff og seksualmoral. Korleis stod det til i gamle Hardanger? Tilhøvet mellom kyrkje og stat på godt og vondt...